

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Arkiv nr: 433.1

Sak nr 06/2023

Møtedato: 22.02.23

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Tiltak ved samisk kulturminne - Rensenn

Fjellstyre administrasjonen har hatt møter med Vestre Slidre kommune, Sametinget og Innlandet fylkeskommune – kulturminnevern. Dei samiske tuftene som det er rester av ved Rensenn ynskjer ein å framheve, med å tilrettelegge noko for parkering, og samtidig styre ferdselet noko.


Dette er eit av dei sørlegaste spor etter samiske tufter i Noreg, og både for å styre ferdsel samt legge til rette/informere betre ser ein for seg enkle tiltak som å endre sørre avkjøring til T-kryss, etablere nokre parkeringsplassar på vegskulder samst oppgrusing for enkel tilkomst for bevegelses hemma. Infotavle er og tenkt plassert i området.

Dette er eit grunndisponeringstiltak jfr Fjellova § 12, der fjellstyret skal gje uttale til Statskog om verknader for stølsbruk/friluftsliv m.m. Derfor er alle berørte partar som stølsveg/næraste stølar/hytter samt beitelag take med i adresselista, der uttaler etter høyring dannar grunnlag for saksbehandling.

Evt tiltak er tenkt gjennomført i 2023. Dette er ikkje rekna som «søknadspliktige tiltak» etter plan- og bygningslova. Dette til orientering.

Det føreligg ingen negative merknader for naturmangfald jfr lov om naturmangfald §§ 8-12.

Følgjande kart gjev ein oversikt over ynskja tiltak:



Dette er sendt på høyring til rørde partar i nærområdet, inkl stølsvegen og beitelag. Det er ikkje komme nokon merknader til dette.

Oppsummert ser ikkje administrasjonen nokre negative verknader av dette planlagde tiltaka som er knytt til det samiske kulturminnet.

Framlegg til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positive til dei tilretteleggingstiltak som framgår av skisse, og ber Statskog fremje ein positiv dialog med Sametinget/Innlandet fylkeskommune for å realisera desse tiltak.

Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positive til dei tilretteleggingstiltak som framgår av skisse, og ber Statskog fremje ein positiv dialog med Sametinget/Innlandet fylkeskommune for å realisera desse tiltak.

Samrøystes vedteke

Tilråding/uttale frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 23.02.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Statskog
Sametinget
Innlandet fylkeskommune
Mottakarar av høyring